

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.05.2018

Marius Hellan Hindenes sette fram slikt forslag:

«Det nye namnet på medverknadsorgan for ungdom sitt øvste nivå skal etter samanslåinga vere «Fylkesting for ungdom».

Leiar får fullmakt til å starte dialog med leiar i ungdomspolitisk utval i Sogn & Fjordane, samt til å legge fram eit utkast til struktur for det nye medverknadsorgan for ungdom i det nye fylket.»

Jens Hestnes Andersen sette fram slikt forslag:

«Det nye namnet på medverknadsorgan for ungdom sitt arbeidsutval skal etter samanslåinga vere «Fylkesutval for ungdom»..»

Røysting

Hindenes sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det nye namnet på medverknadsorgan for ungdom sitt øvste nivå skal etter samanslåinga vere «Fylkesting for ungdom»

Det nye namnet på medverknadsorgan for ungdom sitt arbeidsutval skal etter samanslåinga vere «Fylkesutval for ungdom».

Leiar får fullmakt til å starte dialog med leiar i ungdomspolitisk utval i Sogn & Fjordane, samt til å legge fram eit utkast til struktur for det nye medverknadsorgan for ungdom i det nye fylket på møtet i juni.